

PARTIPROGRAM  
2023 – 2027



Aurland Høgre



**PARTIPROGRAM 2023–2027**

## Aurland Høgre

### **Trygg og god oppvekst**

skular i Aurland og Flåm med fokus på meistring og læringsglede

### **Aldersvennleg kommune**

tilrettelagt for å leva godt heile livet

### **Ja-kommune**

på lag med næringslivet med rom for handlekraft og berekraftig vekst

### **Attraktiv og rimeleg**

for noverande og nye innbyggjarar

### **God folkevald styring av kommunen**



Aurland

## **Skule og barnehage**

Høgre vil at barnehagane og SFO skal ha plass til alle og gode opningstider tilpassa behovet til brukarane. Skulane skal leggja vekt på kunnskap og læring. Høgre vil arbeida for fritt skuleval i dei vidaregåande skulane i Vestland.

### **Høgre vil:**

- arbeida for best moglege opningstider i barnehagane og på SFO
- at det skal vera full barnehagedekning med mest mogleg fagutdanna personale
- ha samarbeid mellom barnehagane og SFO for å sikra trygt og godt tilbod for alle born heile året, også om sommaren
- ha kontinuerleg opptak i barnehagane
- behalda skule og barnehage både i Flåm og Aurland
- leggja til rette for etter- og vidareutdanning av lærarar og jobbe for å auke talet på fagutdanna lærarar
- halda fram arbeidet med nulltoleranse for mobbing
- ta tak i fråvær med god oppfølging av elevane
- jobba for fritt skuleval på vidaregåande skule i heile Vestland fylke og best mogleg pendlarløysing både til Sogndal og Voss
- auka talet lærlingar i Aurland Kommune og arbeida for regionalt samarbeid om lærlingkontraktar innan ulike fag
- arbeida for å ha språkopplæring/flyktingteneste i eigen kommune


## Helse og sosial

Høgre set innbyggjarane sine behov i sentrum for ein god helse- og sosial-politikk. Tenestene må vera målretta mot alle aldersgrupper frå born til eldre. Aurland kommune skal vera ein god stad å bu og ha gode tenester frå vogue til grav. Særleg må førebyggjande arbeid vektleggjast slik at god helse kan oppretthaldast gjennom heile livslauget.

### Høgre vil:

- at satsinga «Leve heile livet» og «Bu trygt heime» skal vidareførast og vidareutviklast
- at heildøgns omsorgsplassar på det nye helsetunet skal føra til betre tilgang og effektive tenester
- valfridom skal vera sentralt i tenestetilbodet
- Framleis fokus på god demensomsorg for heimebuande med blant anna tett samarbeid med pårørande
- Dei eldre skal få bu heime så lenge det er fagleg forsvarleg, her må ein ha god dialog med brukar og pårørande
- Dei eldre skal ha eit fullgodt rehabiliteringstilbod, gode fritidstilbod og aktivitetstilbod
- Aurland kommune skal til ei kvar tid ha nok sjukeheimplassar og omsorgsbustader
- Omsorgsbustadar skal klargjerast for ny-innflytting så snart dei er ledige
- leggja til rette for små bustader for lærlingar og studentar i praksis for å betra rekruttering av fagpersonar
- auka satsinga på rekruttering av legar og anna fagpersonell innan helse og omsorgstenesta
- leggja til rette for vidare- og etterutdanning av helsepersonell
- kommunen skal sikra gode tenester innan psykiatri
- framleis ha fokus på førebygging, behandling og rehabilitering innan rusomsorga
- kommunen skal arbeida tett med NAV for å organisera arbeidstilbod for personar som tek imot sosialhjelp
- krevja døgntasjonær ambulansetjeneste både i samband med oppgradering av Lærdalstunnelen og for framtida
- at både legetenesta og fysioterapitenesta ved helsetunet skal styrkast med meir aktivitet for rehabilitering der pasientar med nyleg oppstått sjukdom skal prioriterast

- framleis ha gode kjøkkentener på Aurland Helsetun både for bebuarane og med tilbod for heimebuande
- opna for at frivillige lag og organisasjonar kan bidra med aktivitetar
- stø opp om aktivitetstilbod som «Sterk og stødig» og andre førebyggjande aktivitetar
- arbeida for realisering av Frivilligsentral
- arbeida for aktivitetshus og møteplass for eldre
- leggja til rette for transporttilbod for eldre





Flåm frå Ramnanosi

## Næringsliv

Høgre vil ha eit vekstkraftig næringsliv, der me vil imøtekoma dei næringsdrivande sine ønskje om konkrete og målretta tiltak, prioritering, forpliktande og opne prosessar der både kommune og næringsliv er med. Aurland Høgre vil bidra til framgang i alle delar av næringslivet.

Høgre vil at næringsarbeidet i kommunen skal ha eit Ja-engasjement. Ja, til nye prosjekt og idear, jobbskaping, gründerverksemd og nyskaping. Høgre skal vera garantisten for utvikling av ein næringsvennleg kommune. Alle som kjem med næringsprosjekt skal bli godt ivaretekne og få raske svar.

Høgre vil styrkja Aurland som reiselivskommune med aktivitetar heile året, men og leggja til rette for ei utvikling og styrking av andre næringar som bygg og anlegg, produksjon, landbruk, varehandel, energiproduksjon og utnytting av mineralressursar

Eit lønsamt, konkurransedyktig og variert næringsliv er grunnlaget for ei god utvikling i kommunen. Høgre vil gje næringslivet best moglege ramme- og arbeidsvilkår slik at me sikrar eksisterande og leggja tilhøva til rette for nye og varige arbeidsplassar.

### Høgre vil:

- at Aurland skal vera ein JA kommune
- intensivera næringsssatsinga med vekt på kompetanse, samarbeid og effektive prosessar
- ha ein arealpolitikk tilpassa næringslivet sine behov, og tillata mellom anna høgbygg, der det er begrensingar på areal knytt til ras, flaum etc. Planane må ha nødvendig fleksibilitet for å realisera utvidingar og nyetableringar
- støtta opp om fellessatsingar der ulike verksemdar kan ha kontorfellesskap
- leggja betre til rette for sesongarbeidarar – spesielt i høve kommunen sine tenester – som barnehagar og SFO
- arbeida for at ein i arealplanen sikrar næringsområde som gjer det enkelt for etablering av ny næringsverksemd
- følgja opp søknaden om å få etablert eit Vinmonopol
- styrka lokaldemokratiet opp mot verdsarvstatusen og verneområde
- ha snarleg realisering av landstraum og energiknutepunkt i Flåm
- at Verdsarvstatusen ikkje står i vegen for båt og cruisetraffikk og om nødvendig vurdere statusen
- arbeida for samarbeid mellom næringslivet og kommunen for å sikra rekruttering av arbeidskraft

## Reiseliv

Aurland er eit stort og attraktivt reisemål for både norske og utanlandske gjester. Reiselivet betyr svært mykje for næringsaktivitet, sysselsetjing og servicetilbod i kommunen. Høgre vil leggja til rette for å utnytta det store potensialet for vekst, med vekt på berekraft og næringsvennlege rammevilkår.

### Høgre vil:

- at Aurland styrkjer sin posisjon som eit av dei mest attraktive og vekstkraftige reisemåla i Noreg
- at gjestene får topp tilbod og service knytt til informasjon og fasilitetar som turstiar, toalett og rasteplassar
- at reiselivsnæringa har vilkår som sikrar handlingsrom og vekstkraft
- ha gjennomgang av organiseringa av reisemålsarbeidet
- støtta gode miljøløysingar, med reduserte utslepp og forsvarleg bruk av natur

- leggja til rette for at Aurland skal oppretthalda sin posisjon som ein av dei mest attraktive cruisedestinasjonane i Noreg
- at Aurland skal vera eit heilårs reisemål med sesongforlenging og betre grunnlag for heilårsdrift i fleire bedrifter
- vera positiv til at utanlandske filmar kan spelast inn her
- leggja til rette for at lokal mat og drikk i større grad kan inngå som ein del av reiselivsproduktet ved å styrka landbruket si rolle i reiselivssatsinga
- gjera naturen meir tilgjengeleg for turistar ved skilting og rydding
- at Aurland sine interesser skal ivaretakast på ein god måte i regionalt samarbeid som kommunen er med i eller yter støtte til
- positiv til privat utleigeverksemd i samsvar med gjeldane regelverk
- seia nei til 0-konsesjon

## Landbruk

For Aurland kommune er landbruket ein viktig del av næringslivet. Vernet om eigedomsretten, fridom, råderetten og respekten for mennesket sitt ønske om å klara seg sjølv og leva av eige arbeid og produksjon er sentrale verdiar for Høgre. Det er viktig at styresmaktene ikkje legg hindringar i vegen for tilleggsverksemd og/eller samdrift, slik at bøndene kan utvikla eigedomane sine.

Bonden må difor få romsleg fridom til å forvalta sin eigedom slik at den gjev optimalt igjen for innsatsen. Mindre reguleringar gjev betre rammevilkår i landbruket som i næringslivet elles.

Høgre ønskjer ein vesentleg meir liberal praksis i høve buplikt, konsesjonslova m.m. Ved ei slik omlegging vil mange eigedommar kunna få ein høgare verdi og dermed bli meir interessant for fleire i høve busetjing og næring. Vert investeringslysta stor, vil det også bli betydeleg færre passive eigarar, noko som vil gagna dei fråflytta bygdene stort.

### Høgre vil:

- forvalta landbrukspolitikken slik ar bonden får ei langt friare rolle i utnyttinga av sin eigedom
- oppmuntra til fellestilltak
- leggja til rette for lokal foredling/alternativ drift
- styrka den private eigedomsretten
- jobba for at vernestatus ikkje er til hinder for næringsutvikling
- vera positiv til å skilja ut bustadtomter



Kraftlinjer

## Bergverk og kraftutbygging

Det er fornybar energi som har den største omsetninga i kommunen. Energi er og vil vera ei av våre viktigaste næringar. Høgre vil utnytta naturressursane og sikra kraftkommunen Aurland sine interesser.

### Høgre vil:

- at naturressursar vert utnytta så lenge det etter ei lokal vurdering er miljømessig forsvarleg
- vera positiv til å støtta nye former for fornybar energi som til dømes småkraftverk
- aktivt leggja til rette for å realisera ny berekraftig verdiskaping innafør mineralnæringa.
- sjå positivt på kraftutbygging som vil gje auka produksjon og meir effektiv utnytting av eksisterande anlegg
- arbeida for at flaumdempingstiltak ved overføring av vatn frå Flåmsvassdraget til Viddalsmagasinet vert gjennomført
- arbeida for gode miljøløysingar for Aurlandselva utan å redusera kraftproduksjonen
- arbeida for sentralnettstilkopling i Vassbygdi
- halda på eigarskapen i Aurland Energiverk



Nærøyfjorden

## Samferdsle

Høgre vil arbeide for gode og sikre vegar og eit best mogeleg rutetilbod.

### Høgre vil:

- ha best mogleg tog-, buss- og båtruter i alle sesongar, og betre marknadsføring av transporttilbodet mellom bygdene inkludert ring buss/lokal transport.
- arbeida for at riks- og fylkesvegane vert ras- og tunnelsikra
- oppgradering av Lærdalstunnellen må i minst mogeleg grad gå ut over lokal, regional og nasjonal trafikk
- arbeida for å sikra heilårsdrift på Flåmsbana med godt materiell og tenlege togavgangar
- at Aurland skal bli trafiksikker kommune
- arbeida for å oppretthalda ferjeruta Gudvangen – Kaupanger

- arbeida for framleis heilårsopen veg Aurland – Hol, med betre regularitet
- ha tidlegare opning på Nasjonal Turistveg Aurlandsfjellet, slik at Aurlandsfjellet kan bli eit større og betre tilbod for skituristar
- arbeide for å realisere tursti Heggviki – Bøen der ein ser på alternative løysingar til finansiering
- arbeide for tursti Skjerping - Gudvangen
- leggja til rette for auka vinteraktivitet i Kvammdal

## Kykje – Kultur – Idrett – Frivillig arbeid

Høgre vil at frivillige kultur- og fritidsaktivitetar skal vera berebjeleg i lokal-samfunnet.

### Høgre vil arbeida for at:

- kyrkja skal ha ein sentral plass i kommunen vår
- kyrkjene og kyrkjegardane vert haldne godt ved like
- kommunen skal yta tilskot til mykje brukte stiar, ferdsevegane og bruer i utmark
- viktige kulturminne vert tekne vare på
- song- og musikklag, idrettslag, skyttarlag, humanitære organisasjonar og andre lag må få gode arbeidsvilkår
- ungdomane vert stimulert til å utvikla eigne prosjekt og tiltak
- kommuneplan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vert oppdatert med nye viktige investeringsprosjekt som t.d. kunstgrasbane
- ungdomsrådet skal vere aktivt og naturleg deltakar i politiske prosessar


## Bustadbygging

Høgre vil ha Aurland som ein attraktiv bustadkommune med tilgjengelege tomter og bustader.

### Høgre vil:

- ha høgt tempo både i planlegging og utbygging. Rask utbygging er viktig og kan gjennomførast både i kommunal og privat regi
- vurdere fortetting av bustadmasse

- leggja til rette for samla utbygging av bustadområde, i privat eller kommunal regi
- ha tilgjengelege gjennomgangsbustadar for leige i heile kommunen, og oppmuntre eigarar av tomme eksisterande bustader til å ta desse i bruk
- tilby god infrastruktur i alle busette deler av kommunen – vegar, breiband, mobildekning, vatn og avløp
- leggja stor vekt på at det heile tida skal vera attraktive bustadtomter tilgjengeleg i heile kommunen
- oppretthalda tilskot til spreidd bustadbygging, ordninga må også omfatta private byggjefelt



## Kommuneøkonomi, kommunal teneste- produksjon og arbeidsplassar

Høgre set innbyggjarane i sentrum og vil alltid leggja hovudvekta på at dei tenestene kommunen tilbyr skal vera av høg kvalitet og rimelege. Særavgifter som til dømes destinasjonsbidrag må evt. gje konkrete gevinstar og ikkje svekka konkurranseevna.

Høgre vil at Aurland skal vera ein kommune som set pris på og seier ja til gode og framtidsretta initiativ og tiltak frå innbyggjarar og næringsliv. Høgre vil byggja gode arenaer for samarbeid og samspel mellom kommune, næringsliv og lag og organisasjonar.

Høgre meiner at Aurland kan halda fram som eigen kommune. Tenester kan løysast interkommunalt når det gjev betre tenester til forsvarleg pris. Høgre vil ha sterkare folkevald styring og ein kommune som kombinerer gode tenester med forsvarleg økonomisk drift.

### Høgre vil:

- sikra at politikarane styrer gjennom opne prosessar
- sikra at prisen på kommunale tenester vert så låg som mogleg og at prisen ikkje overstig tenesta sin reelle kostnad
- at interkommunalt samarbeid må gje synleg kvalitativ eller økonomisk gevinst
- styrka og vidareutvikla arbeidsgjevarrolla slik at kommunen aktivt kan utvikla og halda på dugande medarbeidarar
- at konsesjonsavgiftsfondet ikkje skal nyttast til drift
- at kommunal sakshandsaming skal vera rettferdig, nøytral og basert på fakta
- at kommunen ikkje skal påføre kundane auka straumpris ved større påslag på konsesjonskraftprisen
- Høgre skal jobba for å få politisk semje for å reversera straumstøtte vedtaket, og at det som er kravd inn vert tilbakebetalt til abonnentane
- i størst mogleg grad skilja forvaltnings- og driftsoppgåver slik at private og offentlege leverandørar kan konkurrera på like vilkår
- at det skal vera lettare å samanlikna kvalitet og effektivitet i eigen kommune med andre kommunar og private. Det må arbeidast særleg aktivt for å finna gode samanlikningsgrunnlag og mål for forbetring der kommunen har monopol på tenestene
- at arbeidet med å effektivisera kommunen får prioritet

## Beredskap – eit trygt Aurland

Aurland skal vera ein trygg kommune med effektiv førebygging, god lokal beredskap og godt samarbeid med Sivilforsvaret, Røde Kors og bedrifter. Høgre vil setja liv og helse først i alle samanhengar.

### Høgre vil:

- behalda brann og beredskap i Aurland, også leiarfunksjonen
- arbeida for å få på plass døgnstasjonert ambulanse
- arbeida for å behalda Aurland som tenestestad i politiet, med god bemanning
- ha tett samarbeid mellom kommunen og dei frivillige
- leggja auka vekt på førebygging for å hindra skader, kriminalitet, ulukker og naturkatastrofar

## Jakt – fiske – friluftsliv

Høgre vil sikra vilkåra for allsidig friluftsliv.

### Høgre vil arbeida for at:

- bygdefolket skal behalda noverande rettar til jakt og fiske
- ressursgrunnlaget vert utnytta med mindre bandlegging av areal og naturressursar
- det vert lagt til rette for meir hyttebygging i kommunen
- det vert utvikla gode arenaer for vintersport, til dømes i Kvammdal
- rask reetablering av villreinstamma i Nordfjella
- oppretthalda eksisterande villreinområde

## Miljø

### Høgre vil arbeida for:

- snarleg realisering av Energiknutepunkt Flåm, med landstraum og ladeanlegg for all transport i området
- leggja til rette for at kommunale bygg eller verksemder vert miljøfyrtårn
- at miljøtiltak skal vurderast opp mot kostnad og nytte
- at berekraft skal vurderast med omsyn til både miljø, økonomi og lokalsamfunnsutvikling



Undredal

- skipstrafikk til Flåm også etter 2026
- arbeida for reduserte utslepp frå båt- og skipstrafikk
- Sogn Jord og Hagebruksskule utviklar seg vidare som landslinje og kompetansesenter for økologisk landbruk

## Sentrumsutvikling

Høgre vil ha attraktive, trivelege og vekstkraftige sentra, med eit breitt tilbod til innbyggjarar og tilreisande.

### Høgre vil arbeida for:

- framskunda gode planar for Aurlandsvengen, Flåm, Undredal og Gudvangen
- arbeida for gode og trygge trafikk-løysingar med eit betre forhold mellom køyrande og mjuke trafikantar
- sørgja for at planar for Aurlandsvengen vert følgde opp slik at Vangen kan bli eit attraktivt senter og ein god møteplass
- ta initiativ til ein samla gjennomgang av løysingar for reine og ryddige bygder og tenlege parkeringsordningar



## KANDIDATLISTE



ORDFØRARKANDIDAT

**Frode Magne Haaland Bekkestad**

Fødd: 1957



2. KANDIDAT

**Monica Finden**

Fødd: 1969



3. KANDIDAT

**Johannes Dalsbotten**

Fødd: 1960



4. KANDIDAT

**Noralv Distad**

Fødd: 1957



5. KANDIDAT

**Per Olav Bøe**

Fødd: 1973



6. KANDIDAT

**Anders J. Johansen**

Fødd: 1978



7. KANDIDAT

**Eirik Sønnerheim**

Fødd: 1992



8. KANDIDAT

**Egil Hoff**

Fødd: 1955



9. KANDIDAT

**Tor-Bjørn Hylland**


Fødd: 1998



10. KANDIDAT

**Leif Turlid**

Fødd: 1967



11. KANDIDAT

**Olav Hylland**

Fødd: 1961



12. KANDIDAT

**Pernilla Eva Johnsson**

Fødd: 1971



13. KANDIDAT

**Caroline F. Dalsbotten**

Fødd: 1999

